

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
049/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	13.12.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2841	18/18164

### Uttreden av Nordhordland Revisjon IKS

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Fellesnemnda har i sak 065/18 fatta følgjande vedtak:

«Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.»

Vedtaket i fellesnemnda gjer at Radøy kommune må seia opp deltaking i Nordhordland Revisjon IKS. I samsvar med selskapsavtalen §20 kan deltakarar seia opp med eit års skriftleg varsel. Oppseiingstida vert med dette ut 2019.

#### Lova sine rammer for val av revisor.

Kommunelova § 78, 3. og 4. ledd legg til grunn at det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha og som vel kven som skal vera kommunen sin revisor. Kommunestyret sitt val av revisjonsordning og revisor skjer på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalet.

##### Kommuneloven § 78 3. ledd

*«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».*

##### 4. ledd

*«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».*

I samband med samanslåinga av Radøy, Meland og Lindås kommunar er det i tråd med Inndelingslova § 26 oppretta ei fellesnemnd for å samordna og førebu samanslåinga. Etter § 26 femte ledd kan fellesnemnda få fullmakt til å tilsetja revisor, vidareføra deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller vidareføra avtale med annan revisor.

##### Inndelingslova § 26, 5. ledd:

*«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor.*

*Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»*

Dei tre kommunane har i tråd med lovkrav ved søknad om kommunesamanslåing fatta vedtak

om fellesnemnda si samansetting og oppgåver i møte den 22.06.17.

Det vart i møte vedteke at:

*5 «Fellesnemnda får fullmakt til å:*

*5.5 gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. Inndelingslova §26 femte ledd, første punktum.*

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek at Radøy kommune går ut av Nordhordland Revisjon IKS frå og med 1.1.2020.

**Kommunestyret i Radøy - 049/2018**

**KS - handsaming:**

Det vart frå fleire representantar gitt uttrykk for stor skepsis til å gå ut av det interkommunale revisjonssamarbeidet i Nordhordland Revisjon IKS.

Kommunestyret vedtok rådmannen si tilråding mot tre røyster (Jostein Borlaug – AP, Roy Bø – FRP, Silje Namtvedt – SP)

**KS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek at Radøy kommune går ut av Nordhordland Revisjon IKS frå og med 1.1.2020.

**Vedlegg:**

Revisjonsordning Alver kommune

Val av revisjonsordning for Alver kommune \_utgreiing

Selskapsavtale for Nordhordland Revisjon IKS

Kontrollutvala i Meland\_Radøy\_Lindås\_møteutskrift

Vedlegg 4

Vedlegg 5